



## Aktiv julekalender

Bli med på ein julekalender for alle innbyggjarar i Os!

Side 5



## Kuventræ gravplass

Bli kjent med den oppgraderte gravplassen på Kuventræ.

Side 8-9



## Open kyrkje

Kvar torsdag er det open kyrkje i Os kyrkje frå kl.17-19.

Side 11

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

#### REDAKSJON:

Linda Ekerhovd og kyrkjestaben.

#### ADRESSE:

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os  
Besøksadresse: Øyro 49

#### UTGJEVAR:

Os sokneråd

#### ANSVARLEG REDAKTØR:

Linda Ekerhovd

#### LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:

Birgit Tarlebø

#### FORSIDEFOTO:

Ben White, Unsplash.com

#### TRYKK:

Borge Grafisk AS

OPPLAG: 8.800 stk

#### OS SOKNERÅD:

Postboks 209 - 5202 Os

#### LEIAR:

Bente Brøvig Strømme

#### OS KYRKJE:

Tlf. 56 57 24 00

#### KYRKJEKONTORET I OS:

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.

E-post: [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)

Kontortid: måndag-fredag kl.09-14

#### YNSKJER DU Å ANNONSERE I KYRKJEBLADET?

Ta kontakt på tlf. 56 57 24 00 eller e-post: [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)

#### BLADKONTIGENT


Kr 200 pr.år / kr 250,- for utanbygds

Bankgiro: 3201.53.26254

Postboks 209, 5209 Os

E-post: [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)

LEIAR



# Troen

*Troen på himmelens og jordens skaper er en bærende opplevelse av sammenheng i livet for så mange av oss.*

Det at Gud har skapt både stjernebilde og solsystemer, og at Gud har skapt « alt liv som yrer, alt ned til mauren i mold» slik salmedikter Elias Blix formulerer det, gir perspektiv på livet. Naturvitenskapen om hvordan kosmos henger sammen, gjør Gud større for meg. Likedan blir skapertroen styrket ved å ha tilegnet meg viten om vår anatomi og fysiologi på cellenivå, og om sammenheng mellom tanker, følelser og kropp. Det at Gud har skapt hver og en av oss i sitt bilde, er en bærende tanke for opplevelsen av verdi og menneskeverd.

Kirkeåret begynner med 1. søndag i advent. Vi har så mange fine og verdifulle tradisjoner med tenning av adventslys i hjem og i kirke. Advent bringer den store fortellingen om at Gud kom til oss som et barn, i en stall, på et bestemt geografisk sted, og til en bestemt tid; begynnelsen på vår tidsregning. Vi skal slippe å lete.

Advent salmen «Tenn Lys» av Eivind Skeie formidler sterk tro og et sterkt

håp om at jord og himmel møtes. Andre lys tennes for håp om at fanger må få sin frihet, og flyktninger et hjem. Tredje lys tennes for de som kjemper for frihet og for rett. Fjerde lys tennes «for himmelkongen som gjeterflokken så. Nå møtes jord og himmel i barnet lagt på strå.»

Vi ønsker å være en folkekirke for hele bygda vår.

Så er vi alle velkomne til kirken også denne adventstiden frem mot jul. Corona legger begrensninger for ulike samlinger i kirken, og smittevernregler blir nøye fulgt opp. Torsdager gjennom hele høst og vinterhalvåret er Os Kyrkje åpen mellom kl 17 og kl 19. Velkommen innom for de som ønsker en stille stund og bare kjenne på VÆREKRAFTEN, og kanskje tenne et lys i lysgloben.

**Ha en velsignet adventstid.**

**Bente Brøvig Strømme**

SOKNERÅDSLEIAR







## Julegudstenestar i Os kyrkjelyd

**I skrivande stund er det mykje som er usikkert rundt julehøgtida 2020.**

Kor mange kan vi samle i heimane er eit like stort, om ikkje større, spørsmål enn kor mange vi kan samle i kyrkja. Koronaviruset gjer det rett og slett vanskeleg å vera føreseielege.

Det som er sikkert er at jula kjem. Vi skal feira at Jesus kom til verda, og Os kyrkjelyd vil markere jula, sjølv om det ikkje kan bli heilt som normalt. I vindaug til Eldstova vil julekrubba kome opp som vanleg, og det vil bli gudsteneste på eit eller anna vis i kyrkjene våre. Plan A er at vi kan samle eit tal deltakarar til gudsteneste. Oversikta under er ut frå den planen.

**For oppdaterte opplysningar om gudstenester i jula, sjå på web: [kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os) eller Facebook: [Os kyrkje](https://www.facebook.com/Os.kyrkje)**

**Roar Hallesby Evjebj**  
SOKNEPREST I OS SOKN

# Møt vår nye kapellan

Tekst og foto: Linda Ekerhovd

Os kyrkjelyd har endeleg fått kapellan.  
13. oktober byrja Anette-Emilie Gangstø som vikar.

Vi er takksam for at ho takka ja til stillinga og ønsker ho velkomen til oss. Eg tok en liten prat med Anette-Emilie for å bli kjent med den nye presten.

### Kven er Anette-Emilie Gangstø?

– Eg er ein prest med allsidig bakgrunn. Som barnepleier, sosionom og diakon, landa eg godt i yrket som prest for snart 9 år sidan. Her får eg god bruk for allsidigheita frå både utdanning, yrkeserfaring og det varierte terrenget i sjølve livet.

### Korleis ende du opp her i Os kyrkjelyd?

– Eg hadde ingen tankar om å flytte tilbake til vestlandet, men då eg møtte ein odelsgut frå Bøgøy i Holmefjord, Oddvar Gangstø, tok kjærleiken meg med til vakre Samnøy. Vi skulle ha vakker bryllaupsfeiring heime på garden i mars, men Korona sat ein stoppar for bryllaupet, iallfall for festen. Etter ei gravferd på Nesttun vart vi vigde i Hålandsdal kyrkje med heile Noreg som tilskodarar på TV2 si kveldssending, og fest nokre månader seinare.



Anette-Emilie Gangstø

Som tidlegare sokneprest i Stavanger, og no ny innflyttar i Bjørnafjorden kommune, fekk eg i haust starte opp som kapellan i Os kyrkje. Eg ser fram til å bli kjend med både kyrkjelyd, stab og alle dei flotte Osingane.

Om du møter meg, vil du som oftast finne ein roleg prest i godt humør som er glad i menneske og den gode budskapen om Jesus si rausheit og nåde til alle menneske.

**Og til slutt må eg spørje. No som jul nærmar seg - pinnekjøtt eller ribbe?** Ingen av delane... Men spør du mannen min er det nok pinnekjøtt, iallfall annakvart år. I år, om ein får lov å reise, blir det heime på Sørlandet der ribbe står på menyen. Men blir det heime på garden, er frua sitt val langtidssteikt marinert kalkun.

## Oversikt over julegudstenester

### Julaftan 24. desember

- Os kyrkje har gudsteneste kl 14, 15.15 og 16.30. Gudstenesta kl 14 blir strømmen. Meir informasjon kjem på nettsidene våre.
- Nore Neset kyrkje har gudsteneste kl 13, 14.30 og 16.

### Juledag 25. desember

- Os kyrkje kl 11. Høgtidsgudsteneste. nattverd

### 2. juledag 26. desember

- Nore Neset kyrkje. Dåp

**Ynskjer du å gjenoppleva ei full Os kyrkje til julegudsteneste?**

Både julaftangudstenesta og juledagsgudstenesta frå 2016 ligg ute på nrk.no.



## JOIN US TENSING

**Øving kvar onsdag kl.1830 i Tunet kyrkje- og kultursenter.**

Oppstart 6. januar. Nye og tidlegare medlemmer er hjarteleg velkomne!

## TEAM I TUNET

**Ein fredag i månaden er det happening for ungdommar i Tunet.** Dato bli annonsert på Os kyrkja si heimesida og på Instagram @ungdomstunet.



**Glad i foto?  
Likar du video-  
produksjon?  
Interesse for  
lyd og lys?**

**Då er vår nyetablerte «Mediegruppa» noko for deg!**

Vi søker medlemmer, både unge og vaksne. Gruppa skal bistå kyrkjelyden med digitale løysingar for gudstenester og møter. Det vert kursing, opplæring og inspirasjonskveldar innan media og produksjon. **Vil du vite meir, send e-post til: [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no), så vert du kontakta.**

**Styringsgruppe v/  
Arthur Håkon Botnevik**

# Ein helsing frå ungdomsarbeidaren

**Hei alle saman!** Så var plutselig hausten her, og vinteren bankar på døra. November månad har jo blitt litt annleis enn vi hadde håpa på, men vi i Tunet fortsett med planlegging av faste og nye aktiviteter for ungdom.

**Sidan sist har vi vore på Sosial Weekend i Øygarden,** kor mange av ungdomane frå dei ulike gruppene var med. Vi hadde ei kjempesjakk, med kostymefest, sosiale leikar, bading (i september!), rebus og mykje anna.

I oktober hadde vi Halloweenkino, kor rundt 40 ungdomar frå Os kom innom, blant anna fekk vi besøk og opptreden av dansarar frå Bjørnafjorden kulturskule.

**Vi måtte dessverre utsette Os LAN til nyåret,** men frykt ikkje - det kjem sterkt tilbake! Og det er enno rom for både deltakarar og frivillige - berre gje oss ein lyd så ordnar vi det.

**Elles har vi endeleg fått konfirmantane våre,** og fleire grupper har allereie vært på samlingar. I Join Us Ten Sing har vi ei stor gruppe konfirmantar, og vi er godt i gang med å øve inn songar til framtidig Vårshow (vår 2021), og begynner no med julesongar til Lysmesse og Julaftan. Med dagens smitteverns reglar i tankane vil vi ha tilpassa øvingar fram til jul, kor vi deler oss i to grupper og med kvar sin dirigent. Fantastiske Kristina Dale (som forresten er ute med ny singel, finn ho på Spotify!) er hovuddirigent for Join Us Ten Sing, og får no ein lærling i kor-kollega Marthe Halsvik Duesund. Vi har også fått med oss profesjonell musikal og perkusjonist Owen Weaver som bandleiar, og vi gler oss til å gå jul og det nye året i møte med kor, band og teknikarar.

**Kvar fredag har KRIK trening i Os barneskule sin gymsal,** og her er det plass til fleire! Teamet i Tunet, gjengen som arrangerer sosiale treff, er i ein spanande fase med etablering av nytt styre, vedtekter



og anna organisatorisk knask. Dei arrangerer opne, gratis «happenings» for alle ungdomar ein fredag i månaden, og om du følgjer Ungdomstunet på Facebook eller Instagram kan du sjå kva som skjer når. Til våren blir det Os LAN, vårkonsert med Join Us Ten Sing, happenings i regi av Teamet i Tunet, og kven veit! Moro, leik, hygge og glede kan vi lova.

Elles flyr tida, og plutselig har eg berre seks veker igjen på jobb, før mitt vikariat er over. Lars Joar Hilleren kjem tilbake til Tunet i byrjinga av desember, så vi har godt med tid til å planlegge våren saman før mi tid er ute. Men sidan dette blir mitt siste innlegg (for denne gong!), vil eg nytte høvet til å sei tusen takk for meg, og for at eg har blitt tatt så godt imot av alle i Os Sokn-kollegaer, samarbeidspartnarar og ikkje minst UNGDOMANE. Vi er alle utruleg heldige som har så mange sterke, sjølvstendige, gode, inkluderande og fantastiske unge i vår kyrkjelyd. Eg må sei at når DETTE er dagens ungdom, er vi alle i trygge hender.

Med det seier eg takk for no, og håpar vi sjåast før jul, eller ein gong på nyåret med nye mogelegheiter.

*(Ps! Finn og følg oss på Facebook og Instagram; @ungdomstunet)*

**Med venleg helsing  
Malin Næss Vangsnes**



# Kom bli med på ein aktiv julekalender!



I år har Os kyrkjelyd saman med Os Orienteringsklubb og 1. Os KFUK-KFUM-Speidere laga ein julekalender for alle innbyggjarar i Os

**Kven kan delta?** ALLE kan delta i julekalenderen. All ferdsel skjer på eget ansvar.

**Postane:** I desember legg vi ut virtuelle og nokre visuelle orienteringspostar rundt Kuventræ, Nore Neset og Halhjem. For å kunne ta ein post må du orientere deg til der posten er plassert ut.

**Kart til postane:** Kartet er integrert i appen. Nye postar dukkar opp når tida er mogen. Tidlegare postar er synlege etter publiseringsdatoen, så du kan ta postane på eit seinare tidspunkt. I appen syner di plassering på kartet med ein blå prikk.

### For å laste ned appen:

Søk opp Zippygo julekalender eller følg QR-koden.

*Sylvi Ludgren, Barne-og familiarbeidar Os Kyrkje  
Steinar Danielsen, Orienteringsklubben  
Øyvind Sundfjord, 1. Os KFUK-KFUM-Speidere*

Google Play:



App Store:



## JULEEVANGELIET

### Lukas 2:1-20

*I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. 2 Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. 3 Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.*

*4 Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt. 5 og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. 6 Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, 7 og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.*

*8 Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. 9 Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. 10 Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bud om ei stor glede, ei glede for heile folket: 11 I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. 12 Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» 13 Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:*

*14 «Ære vere Gud i det høgste,  
og fred på jorda  
blant menneske Gud har glede i!»*

*15 Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» 16 Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. 17 Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. 18 Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. 19 Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. 20 Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte sett; alt var slik som det var sagt dei.*

## Julekonsertar i Os kyrkje og Nyttårsjazz i år

Det er med tungt hjarte me må kunngjera at mange av årets julekonsertar i Os kyrkje er avlyst.

Det har óg vorte ein tradisjon at Trygve Haukås inviterar til «Nyttårsjazz» i romjula. Vi håpar at vi kan halda på tradisjonen i år òg. Dersom smitteverns-restriksjonane lét oss samlast til konsert vil det tysdag 29. desember kl. 20:00 bli «Nyttårsjazz» i Storsalen i TUNET kyrke- og kultursenter.

**Oppdatert informasjon om konserten og oppdatering om julekonsertar som eventuelt vil bli gjennomført kjem på Os kyrkjelyd si webside: [kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os) og på Facebooksida: Os kyrkje.**



# Trusopplæringstiltak

## 0-11 år, hausten 2020

Alle tiltak er med atterhald i forhold til moglege smittevernstiltak. Påmelding er påkrevd. For alle tiltak: Sjå heimesida til Os kyrkjelyd: [kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os).

### Babysang

#### 0-11 mnd

Med sang, sansing, lunsj og kaffidrøs, håper vi å møte både nye og «gamle» babyer på nyåret, om det let seg gjera.

Babysang torsdag 21. januar. Både i Tunet Kyrkje og kultursenter og i Nore Neset kyrkje.

### Heilt

#### førsteklasses

Førsteklassingane inviterast 5 gonger i Tunet Kyrkje og kultursenter.

Her samlast dei i lag med andre førsteklassingar frå heile Os, for å høyre bibelforteljingar, syngje, halde på med hobbyaktivitet og ete kveldsmat. Onsdag 31. mars og fire onsdagar til.

### Opplev påsken

5-åringane inviterast til Os kyrkje, som er påskepynta!

Det blir ei vandring gjennom dei ulike dagane i påsken. Den vaksne som følger vil også få oppleve påskedagane på ein ny måte. Kyrkja er nemleg kledd med scenar frå dei sterke dagane, der så mykje skjedde.

### Tårnagenthelg

#### 29.-31.januar

Tårnagentane sitt oppdrag i januar 2021 blir eit oppdrag på heimebane, for 9-åringar. Første oppdrag vert gjeve på fredag, 29. januar klokka 13:00.

Som oppvarming til denne helga kan alle som er 9 år få hjelp til å få høyre Høyrespel Tårnagentklubb - Jakten på den stille stemmen (Youtube)

For arrangementa for familie og søndagsskule i vår:

Følg med på vår heimesida og Facebooksida.





# Kva skjer framover?

*Den som kunne sjå inn i framtida. Vi leggje planar og ynskjer å gjennomføre. Men av og til så blir planane meir som ein draum og heller som eit under om vi får gjennomført.*

Vi ynskjer å gje barn og familiar aktivitetar i kyrkja. I desember og i det kommande året. Korleis kan vi klare å få det til? Nokre av aktivitetane har vi valt å planlegge langt fram i tid, til eit tidspunkt vi tenkjer det kan vere behageleg å vere ute og drive med aktivitetar saman under open himmel. Andre aktivitetar planlegg vi med store forbehold om at det lar seg gjere i framtida.

Vi prøver å tilpasse aktivitetane til den nye kvardagen og finne nye måtar å formidle ordet om Jesus på. Nokon gangar brukar vi datamaskiner, internett, digitale plattformar og alt anna som held oss unna kvarandre, andre gangar er vi ute og held god avstand frå kvarandre. Det er ikkje ein ynskjeleg situasjon, men skal vi klare å leve etter smittevernreglar og ta vare på kvarandre, så må vi prøve å halde avstand. Her er kva som er planlagt å skjer på nyåret.

## TID FOR FESTIVAL

Det er barnekor festival i Ytrebygda i Januar. Vi håper å sende ein lite flokk frå Tunet Barnekor på det. Festivalen vert avslutta med Hentekonsert\* (\*konsert for dei som hentar). Tunet Barnekor (1.-4. klasse) har øving anna kvar torsdag i vårsemesteret.

## BARNESAMLINGAR

Barnesamlingane er ein trygg og god stad for borna og vera under gudstenesta. Her får dei leike, tenne lys og høyre om Jesus på sine premissar. Her får dei høyre og oppleve at dei er verdifulle, og skapte i Guds bilde. Målet er å ha barnesamling kvar gang det ikkje er familiegudsteneste. Vi møtast i Tunet og brukar så stort areal vi treng for å klare å ha samlinga. Kanskje vi må dele oss opp om det er mange som kjem.

## FAMILIEGUDSTENESTER

Det er planlagt mange familiegudstener der heile familien kan komme å få høyre om Jesus. Dette er både i Nore Neset kyrkje og i Os kyrkje.

## LØRDAGSPRELL

Lørdagsprell vil ha si fyste samling ut på våren/forsommar, når det er varmt nok i været til at vi ikkje treng å vere hardhausar for å kunne delta. Det blir ute arrangement for store og små.

## TWEENSING

Annankvar onsdag øver band og kor på dei same songane. Nokre gangar møtes dei og spelar og syng saman. Dette er for Tweens i 5.-7. klassingar. Og øvingane er i Nore Neset kyrkje kl. 18:00-20:00 Ver deg sjølv. Stå opp for andre!

**Alle aktivitetane har plass til fleire born.  
Vel møtt til lysare tider på våren!**

**Helsing Sylvi Lundgren**

BARNE- OG FAMILIEARBEIDER

## Adventsaktivitet: Gulliver sin gode ide

Gulliver har skada auget og kan ikkje symje rundt som han plar. Han kjedar seg. Men så får han ein ide: Han vil lage julepodcast til borna i Noreg! Dukkevenane Jonas og Julie vil gjerne hjelpe og saman med fiskemamma lagar dei åtte episodar der dei på ny oppdagar jula.

Ynskje er at podcasten kan bidra til å gje born eit godt alternativ no når dei vanlege barnesamlingane er stengde, og vere ei støtt til foreldre og føresette i trusopplæringa i heimen.

**Desse podcastane vert lagt ut på  
FB gruppa Barnesamling i Os**

## Adventskalender med hyggelege overraskingar

**Søndagskulen ynskjer i tillegg å  
gje noko til dei vaksne, og lagar  
ein adventskalender på nettsida  
si.** Bak nokre av lukene skjula det seg aktivitetar som de kan gjere eller oppleve saman med borna.

Adventskalenderen er ikkje heilt klar enda og det kjem meir info på Facebook sida til Os kyrkje når den er klar.

## TUNET barnekor - annankvar torsdag kl 17.30-18.45

**Velkomen til «gamle» og nye medlemmer!** Dersom du har funne ut at du har lyst å vera med i koret, er det fint om nokre av dei vaksne heime melder deg på her: [os.medarbeideren.no](https://os.medarbeideren.no). TUNET barnekor er drive av Os kyrkjelyd, og organisert i KFUK/KFUM. Kontingenten for å vera medlem i TUNET barnekor er 200,- i semesteret. Faktura kjem etter påmelding. Denne våren vert ikkje så lett å planlegga pga. koronasituasjonen. Vi må vera førebudd på at det vert nye retningslinjer undervegs. Men når vi har øving skal vi læra mange kjekke songar, øva på å syngja i mikrofona, kanskje opptre nokre gonger, leika og høyra om Jesus. Av og til finn vi fram instrument for å prøva oss på ulike rytmar. Vi har fått eit heilt nytt trommesett som vi skal prøve oss på!!

**Facebook-gruppe: TUNET barnekor**



# Kuventræ gravplass

Så er utvidinga av Kuventræ gravplass godkjent og dei første gravene i dei nye felta er i bruk.

Tekst: Tidlegare kyrkjeverje Gerhard A. Hansen

Kuventræ gravplass vart anlagt tidleg på 1990-talet og tanken er at dette skulle vere gravplass for dei som ikkje naturleg sokna til Nore Neset eller hadde gravplass på Os kyrkjegard som dei kunne nytte.

Etter som gravplassen fekk færre ledige graver, vart det bestemt utviding av gravplassen på Kuventræ og nytt areal vart tilrettelagt for om lag 1000 nye graver.

Dei største felta er lagt til rette for kistegraver, og dei som ønskjer det kan reservere kistegrav ved sidan av for lengstlevande ektefelle/sambuar.

Mange vel og løysinga ved kistegrav at lengstlevande vel kremasjon og så skal urna setjast i kistegrava.

På ein kistegrav er det vanleg å få montert gravminne og framfor gravminne kan ein opparbeide eit plantefelt. Eit gravminne skal godkjennast av gravplassforvaltninga før montering.

På Kuventræ gravplass er det tilrettelagt for fleire typar urnegraver. Tradisjonelt har urnegravene vore ganske så like som vanlege kistegraver, men med mindre areal.

På Kuventræ har vi no lagt til rette for fleire typar urnegraver. Nokre er tilnærma slik dei tradisjonelt har vore, medan andre er slik utforma at dei ikkje treng same tilsyn og stell som vanlege graver.

## Kva er nytt på Kuventræ gravplass?

Artikkelforfattar tok turen til Kuventræ og møtte gartner Linn Kjerstin Østgulen. Saman med gravplassarbeidar Øyvind Dreyer, drev dei med vedlikehald av området rundt den nyetablerte «namna minnelund».

## Kva er ei namna minnelund, Linn Kjerstin?

– Namna minnelund er eit urnefelt med eit felles minnesmerke. På minnesmerke vert det sett opp eit namneskilt med fødsels- og dødsdato på dei som får sine urner sett ned her.

## Er det mange som vel slikt gravstad?

– Dette er eit nytt tilbod her hjå oss og førebels er det 4-5 som har nytta tilbodet. Der tilbodet har vorte innarbeid vel opptil 40 % av dei som vel urnegrav å få urna i slik namna minnelund.

## Kvifor denne form for urnegrav?

– For dei som ikkje har høve til å stelle og sjå til grava så ofte, kan det vere ei tenleg løysing. Gravplassforvaltninga syter for at området er velstelt og så kan ein setje ned blomar på fellesområdet når ein tidvis har høve til å vitje grava.

## Kva kostar det å bruke denne gravtypen?

– Ein betaler ei eingongsavgift på drøye 3000,- som dekkjer kostnad med namneskilt og eit bidrag til stell av grava i heile fredningstida. Samanlikna med eit enkelt gravminne som fort kostar 10-15-tusen, er dette ei rimeleg løysing.

Vi takker for informasjonen og ser oss omkring. Namna minnelund ligg på ei flate med vakker utsikt mot Ulvenvatn og godt skjerma, samstundes som den er lett tilgjengeleg frå parkeringsplassen på sørsida av den nye delen av gravplassen.







## Namna minnelund

---

Namna minnelund er ei vanleg urnegrav der urnene vert sett ganske tett. Ved gravfeltet er det laga eit felles gravmonument. På dette vert det sett på eit skilt med namn på avlidne, samt fødsels- og dødsdato. Det er høve til å fornye feste på same måte som for andre urnegraver. Likeins kan ein reservere urne- (og skilt-plass) for ektefelle/sambuar.

Det er gravplassforvaltninga som syter for tilsyn og stell av gravminnet og området omkring. Pårårande kan sette ned blommar på tilvist plass (sjå bilete under).

Dei som vel denne ordninga betaler ei avgift for etablering av slik grav som dekker kostnad for produksjon og montering av skilt og eit bidrag til felles stell. Men ein slepp kostnad med tradisjonelt gravminne og har ikkje plikt og ansvar for tilsyn og stell. Samstundes har familie og venner ein fin gravstad og gå til når ein ønskjer det.



## Urnegrav i sirkelfelt

---

Dette urnefeltet er sirkulert (dvs gravminna skal stå i sirkel rundt bjørketrea i midten) og kvar grav er i storleik 2,25 kvm. Det er plass til 4 urner i kvar grav og her skal ein ha gravminne. Det er sett nokre krav til gravminna i dette feltet; høgd 60 cm, breidde 50 cm og 12 cm tjukk. Vidare er det krav til plassering av skift og evt symbol. Ideen bak dette er å få eit «stramt» felt og godt heilskapsuttrykk. Men samstundes er det rom for å sette sitt personlege preg på gravminne.

Også her gjeld vanlege reglar for fornying av feste når fredings-/feste-tid er utløpet.



## Urnegrav med skilt

---

I overkant av 2 støttemurar på Kuventræ er det lagt til rette for urnegraver. Gravene har storleik som andre urnegraver og har plass til inntil 4 urner. På desse gravene er det ikkje høve til å sette opp gravminne eller eige plantefelt. Framfor grava (på ei skinne) vert det montert eit skilt der ein fører på namn og fødsels- og dødsdato på den/dei som er gravlagt her.

Her gjeld og dei vanlege reglane for feste- og festefornyng når fredingstida for grave er gått ut. Det vert kravd ei avgift for produksjon og montering av skilt. Tilsvarande som på namna minnelund, kan ein sette ned blommar i vasar på metallskinna framfor grava.





# Når synet svikter

For snart 13 år siden kom sykdommen snikende. 58 år, og fra arbeidsfør til arbeidsufør på kort tid. Det meste ble snudd på hode, og tidsperspektiv og mye annet måtte endres. Det ble slutt på bilkjøring, jakt og friluftsliv som Arne var så glad i. Det ble plutselig vanskelig å orientere seg i terreng. Mange andre utfordringer kom også; blant annet å gå i butikker, ta offentlig transport, og dagligdagse gjøremål.

«Man lærer seg noen mestringsstrategier, men blir og noe mer sårbar», forteller Arne, som ønsker å la seg intervju. «Familien min har vært en god støtte for meg», sier Arne Akre som forteller villig om sine utfordringer, og for at flere skal kunne forstå noe av det å være synshemma.

Vi møttes sammen med kona Eli på en stand på Amfisenter i forbindelse med Venneveko 2019. Praten gikk lett. Programmet for Venneveko vi også delte ut på standen, var ikke så lett å lese for ham, da vi ikke hadde tenkt på universell utforming. «Svart på hvitt fungerer best». Arne er ikke redd for å dele sin kunnskap med andre, eller være til hjelp. Jeg lytter, og inviterer til en videre prat for å skrive om dette å være svaksynt. Det er interessant å høre hva han og konen forteller.

Arne har tatt i bruk den hvite staven og bruker den nå gjerne spesielt ute i offentlige rom. Det er et hjelpemiddel som er greit å bruke nå som skarpsynet er redusert til mindre enn 10%. Han mangler evnen til å fokusere, og er praktisk talt blind. Hans sykdom heter Aldersrelatert makuladegenerasjon AMD. Det er mange grader av synshemming, og mange er også lysømfintlige forteller han. Minst 3-3,5% på landsbasis har synsproblemer, skyter han inn.

*Det må være utfordrende å omstille seg til en ny måte å leve på. Hva tenker du på nå når du skal ut, og ellers hvilke utfordringer har du som svaksynt?*

«Jeg har en del frykt forbundet med å være redd for å snuble. Ikke alle steder er det tilrettelagt for blinde og svaksynte når det gjelder både innredning og merking for

svaksynte. Her er det en del utfordringer å jobbe med i Osøyro når det gjelder plassering og bruk av gangareal, plassering av stoler og blomsterkasser, ladestasjoner for sykler, benker og blomsterkasser. Hele området i Osøyro mangler tilpassing og universell utforming. Særlig blir det vanskelig når det mangler ledelinjer for blinde og svaksynte. For blinde og svaksynte er det et veldig forvirrende gatemiljø. Mange synshemmede sitter generelt mye alene, og får for lite hjelp. Man blir da lett isolert når synet svikter.»

## **Blindeforbundet kan være med å bistå med:**

Kurs, hjemmebesøk, rehabilitering, hjelp til å tipse hjelpemiddelsentralen der du kan få hjelp om du har 1/3 syn. De kan og hjelpe til med bruk av syn og audiopedagogisk tjeneste; SAPT. Hordaland har et eget system på dette. Råd og veiledning og utprøving av hjelpemidler er viktig. SAPT fungerer som en link opp mot NAV hjelpemiddelsentral. Man kan også få hjelp til å søke om ledsagerkort, og TT kort, som er litt ulikt håndtert på ulike steder. Kortet må man søke kommunen om å få.

*Må man være medlem av Norges Blindeforbund for å få hjelp fra blindeforbundet?*

Nei, Det er viktig å våge å ta kontakt når man trenger hjelp. Når det gjelder synet er det viktig å få stilt en diagnose så tidlig som mulig på synstap hos legen. Da kan en få de rette individuelle hjelpemidlene så fort som mulig. Så er det ellers gjerne lurt å forberede familiemedlemmer.

Arne utfordrer videre de som har synsproblemer til å være åpen om utfordringene, og at en kan oppsøke et miljø der en kan være, og gjerne dele lignende utfordringer. «Norges blindeforbund kan også være med å tilby den gode samtalen når synet svikter. Synsfaglig kompetanse med fagfolk og likemenn, og oppfølging der folk bor, er til hjelp for mange. Synsrehabilitering gir økt mestring, og kan gi et mer aktivt liv. Jo fortere en får hjelp, jo bedre,» sier Arne Akre.

**Ingrid Vik**  
DIAKON

## Ope kyrkjeshus - for alle

Os kyrkje har 150-års jubileum i år. Gjennom desse åra har folk i Os hatt kyrkja som møteplass ved ulike høve, både i glede og sorg. Kyrkja er av den grunn viktig for mange av oss.

Den norske kyrkje ynskjer å være open og inkluderande. Her skal du kjenne deg heime og finne eit rom for deg i alle livsfasar og i ulike situasjonar. Dette er eit ideal og ei målsetjing som vi strekkjer oss mot, og vi veit godt at det ikkje alltid opplevast slik.

### **Vi vil gjerne gje dykk eit nytt tilbod – open kyrkje kvar torsdag.**

Mange har sikkert i samband med ferieturar i Europa opplevd å gå inn i ei open kyrkje. Eit kyrkjerom byr på mykje forskjellig -ro, stillheit, kunstopplevingar, historisk ramme m.m. Vi har mange gode minner frå slike ferieopplevingar. Lenge har vi tenkt og brent for at vi må opne kyrkjene våre i Noreg og!

På grunn av pandemien hadde vi stengte kyrkjer i påsketida i år. Alternativet vart å innby til open kyrkje eit par gonger. Ei svært positiv oppleving for alle dei som nytta seg av tilbodet. I ettertid har samtaler med soknerådsleiar Bente Strømme, dagleg leiar og frivilligkoordinator for kyrkja i Os ført til at vi vil satse på å gje tilbod om open kyrkje på Øyro torsdagar på ettermiddagstid. (sjå annonse).

Dette er eit lågterskeltilbod for alle i Os. Folk kan nytte kyrkjerommet i stillheit etter eige behov. I utgangspunktet er dette eit tilbod utan program. Det vert lagt ut info om dette på vår nettside og på Facebook. **Første opningsdag var torsdag 15. oktober.**

**Velkomen inn i kyrkja!**

**Ansvarsgruppa**

v/Hildur Løkken og Trygve Lillestøl





# 3 i farta: Oppleving i kyrkjerommet

## Vi har spurd tre osingar tre spørsmål:

1. Os kyrkje vil ha open kyrkjedør kvar torsdag ettermiddag framover, kva tenkjer du om eit slikt tilbod?
2. Kyrkjerommet er eit særskild og innhaldsrikt rom. Er det noko du legg spesielt merke til når du er i kyrkja?
3. Kva opplevingar har du hatt når du har nytta høve til å gå inn i ei open kyrkje?



## Øyvind Gjerde

1. Det vil være fint å kunne sette seg i en kirkebenk, for å be eller uten å ha noe spesielt fore. På en gudstjeneste skjer det jo noe hele tiden.
2. I Os kyrkje er det spesielt glassmaleriene og den gamle altertavlen (red.anm. frå 1400 talet)
3. Det er helst på ferie i utlandet, der jeg har beundret arkitekturen og kirkekunsten. Det er og fint med et stille avbrudd innimellom.



## Ivar August Bye

1. Det tenker jeg godt om. En åpen kirke inviterer inn til mulighet for stillhet og ettertanke. Til mulighet for å be og en mulighet for å takke for det livet gir.
2. Noen ganger kan det være arkitekturen og kunsten, men oftere er det mitt eget liv og menneskene jeg angår, som er i fokus. Menneskene som lever nå, generasjonene som har levd før oss og ikke minst de som skal leve etter oss. Gis det mulighet for det tenner jeg gjerne et lys.
3. Først og fremst møte med mitt eget liv slik det er der og da. I Os kyrkje kommer ofte de store minnerike dagene opp i hukommelsen med glede. Mine barns dåpsdager, konfirmasjoner og bryllup. Men også den tunge sorgen knyttet til død og begravelse. Når jeg tenker på besøk i åpne kirker andre steder dukker det opp minner om flotte møter med mennesker. Episoder som jeg bærer med meg med stor glede. Møter med øyeblikk av kontakt uten at vi sa så mye til hverandre.



## Trine Lindborg

1. Dette tykkjer eg er veldig bra! Eg har snakka med kyrkja om tilbod om open kyrkje tidlegare og er svært takksam for at dette no kjem som tilbod til oss Bjørnafjordingar og andre som fer forbi. Dette «rare» året og tida vi no står i krev at vi tenkjer nytt, og eg håpar og trur at den roa og stillheita ein finn i kyrkja kan bidra til at folk finn både trøyst, håp og fred. Du kan vere aleine, -men samstundes føla at ein ikkje står aleine.
2. Eg sluttar aldri å undrast over kor fint og mektig sjølve rommet er. For meg som er oppvaksen på Os føløst rommet trygt og kjend. Eg er eit følelsesmenneske og opplevinga mi og kva eg fokuserer på i sjølve kyrkjerommet varierer nok litt etter kva eller kven eg tenkjer på når eg er der.
3. Fine og positive opplevingar er det som pregar mine besøk i opne kyrkjer. Ofte gjer ein slike besøk når ein er på ferie i utlandet, - men heldigvis er det blitt meir vanleg i Noreg også. Mange tenkjer på det som ei kulturoppleving, det finst fantastisk mange flotte kyrkjebygg som er opne både for turistar og for dei som ønskjer ei stille stund. Den siste kyrkja eg besøkte i sommar var Røros kyrkje. Det var ei veldig spesiell oppleving sjølv for ein turist. Kyrkja er veldig annleis innvendig enn det vi er vane med, - og historia om gruvesamfunnet og samspelet mellom kyrkja og gruvesamfunnet var utruleg interessant. Eg finn også både ro og historisk kunnskap i den flotte tømmerkyrkja på Rena, Åmot kirke. Den er veldig annleis enn Os kyrkje innvendig med bruk av sterke fargar. Den fortel historia om samfunnet der mannen min er oppvaksen. 1. mai i år var spesiell for ein sosialdemokrat som meg, - utan vanleg markering. Då var eg så heldig å delta på open kyrkje på Os, - det var ei veldig fin oppleving. Ro, nydeleg musikk, tankar som vandra om alt frå daglegdage sorger og gleder til dei litt større tankane om solidaritet og det medmenneskelege. Ekte smil og nikk mellom oss få som var inno. Kjenna på at å bry seg er godt, folk vil kvarandre vel. Ein veldig flott og tankevekkjande 1. mai vart det.





# Oppbrot frå eit land i krise

*Dette året har vorte eit annleis år. Svært mange har historier på kva utfordringar dei har hatt. Vi for vår del var på Madagaskar då samfunnet vart nedstengt og det skjedde ei alvorleg spreing av Covid-19.*

Tekst: Arild M. Bakke

Det var i denne perioden eit utilfredsstillande skuletilbod for barna våre, og i august braut vi opp og flytta til Norge. No er vi inne i ein fase med omstilling og landing i Norge.

Nedstenginga på Madagaskar ramma vanlege folk vel så hardt som sjølve koronaviruset. Så sjølv om styresmaktene fekk på plass hjelpepakkar for bedrifter og matutdeling for dei fattige, var det svært mange som ikkje fekk nokon støtte. Mange av dei fattige har fått det endå verre.

I den aller verste kaldetida - då det var sommar i Noreg - spreia Covid-19 seg ganske vilt i hovudstaden Antananarivo. Også folk i vår lokale samarbeidspartnar, Den gassisk-lutherske kyrkje, vart hardt ramma. I løpet av nokre få veker døyde fleire vi hadde kontakt med, blant andre ein kyrkjelydsprest, kyrkjens øvste leiar, ein tidlegare president i kyrkja, ein kirurg på kyrkjens sjukehus og eit malay-kinesisk misjonærpar.

Det Norske Misjonsselskap (NMS) hadde i april ein innsamlingsaksjon til støtte for omsorgsbyer og helsestasjonar i kyrkja. Hjelpa frå Noreg gjorde det mogeleg å få på plass gode tiltak for smittevern, og sårbar menneske fekk kosttilskot. Samstundes måtte NMS stogga den ordinære støtta til ei rekkje prosjekt i Den gassisk-lutherske kyrkje i ein periode, på grunn av manglande tillit til økonomiforvaltninga til den sentrale kyrkjeleiinga og prosedyrane for val i kyrkja. Det har dei siste månadene vore ein god dialog rundt desse spørsmåla, og NMS

har difor kunna normalisere relasjonen til den gassiske samarbeidspartnaren. Framleis er det utfordringar knytt til val- og forvaltningsrutinar, men det er ikkje indikasjonar på at støtta frå Noreg er komen på avvegar.

Fleire gongar gjennom historia har det oppstått fornyings- og vekkingsrørsler på Madagaskar når det har vore nasjonale kriser. Denne gongen har det byrja å skje noko rundt ei ung kvinne frå ei underprivilegert gruppe på vestkysten. Ho er leiar for ein av kyrkjens 150 omsorgsbyer, og ho har ein sterkt bodskap om oppgjer og oppbrot. I tillegg har ho kome med profetiar rett inn i den aktuelle nasjonale og kyrkjelege situasjon. Ho har stor integritet og er audmjuk på eigne vegne. Det blir spennande å følgja henne vidare.

Vår familie har slått oss ned på Sandnes, og barna har byrja på norske skular. Mi kone, Landy, har ei 50%-stilling i NMS, kor ho arbeider blant innvandrarar og besøker foreiningar. Vi synes det er ei krevjande omstilling, men vi har det bra.

Som familie har vi framleis sterk tilknytning til Madagaskar. Landy er gassar, og barna Rebekka og Nathanael har både norsk og gassisk statsborgarskap. Sjølv held eg fram med å følgja opp prosjekt innan teologisk utdanning i Afrika på vegne av NMS, og eg har nesten dagleg kontakt med folk på Madagaskar. Når det blir mogeleg å reisa til Afrika igjen, vil eg halde fram å ha noko undervisning på den store øya i Indiahavet.

## Trekningsliste frå misjonslotteri 17.oktober 2020

- Hardangersaumsduk: Marit og Steinar Drabløs
- iPad: Wenche og Agnar Torsvik
- Dokke med trille og klede: Asbjørn Andås
- Lego: Inger Marie Gilje
- Hengekøye: Asbjørn Andås
- Gåvekort Eran Vegkro: Signe Hodneland
- Strikka teppe/pute: Caroline Hjelle
- Koffert: Unni Reigem
- Hardanger biffbestikk: Hjørdis Juvik
- Glasskunst: Vårin Filskov
- Sengesett: Marit Stang
- Barnegenser: Signe Hodneland
- Tursekk Sway: Ida Hanne Hagen
- Tursekk Vikafjell: Per Fimreite
- Gryte: Hans Magne Hagen
- Brodert pute: Aina Kjosås
- Sparkesykkel: Bjørg Rolvsvåg
- Strikket damejakke: Nikolai Lunde
- Turbok m/ tilbehør: Ragnhild og Geir Haugland



Begravelse av tidligere kirkepresident Rabenorolahy Benjamin.

Gudstjeneste under Covid-19.



## Salme 688

### Go, tell it on the mountain!

Refreng: *Go, tell it on the mountain,  
over the hills and ev'rywhere.  
Go, tell it on the mountain:  
our Jesus Christ is born.*

1. *When I was a learner,  
I sought both night and day.  
I asked the Lord to help me,  
and he showed me the way.  
Refreng.*

2. *Shepherds kept their watching o'er  
the wand'ring flock by night:  
Behold! From out the Heavens  
there shone a holy light.  
Refreng.*

3. *So, when they had seen it,  
they all bowed down and prayed.  
They travelled on together, t  
o where the Babe was laid.  
Refreng.*

4. *He made me a watchman  
upon the city wall.  
And if I am a Christian,  
I am the least of all.  
Refreng.*

Ein afro-amerikansk spiritual som både kan vere ein julesong og ein misjonssalme. I vers to og tre kjem forteljinga om hyrdane som oppsøkte det nyfødte barnet i Betlehem. Songen blei populær på 1960-talet da songgruppa Peter, Paul og Mary omskreiv teksten til ein borgarrettssong.

Originalteksten er bygd på nokre bibelvers: Jes 42,11; juleevangeliet etter Lukas; Neh 4; og Jes 62,6.



**Andrew Paul Holman**  
KANTOR

## Sokneprestens hjørne

**11. november var den dagen som blir kalla armstice day i England. Kl 11 på den 11. dagen i den 11. månaden 1918 stoppa krigshandlingane i 1. verdskrig.**



11.11 er sidan blitt ein viktig dag for å minnast at fridomen vi opplever i dag er betalt med høg pris, særleg gjennom dei to verdskrigane. «We will remember, lest we forget», seier engelskmennene. Vi vil hugsa, så vi ikkje gløymer. Hugsa på dei som ofra livet, for den fridomen vi nyter i dag.

Eg kom til å tenkje på dette no når vi opplever den andre bølga av Covid 19-pandemien. Vi er alle lei. Lei av å ikkje kunne gå på konsertar, lei av å ta bussen med munnbind, lei av å avlysa arrangement og i vårt tilfelle som kyrkje: Lei av å ikkje kunne invitera til gudsteneste på vanleg vis. Men så tenkjer eg på armstice day. Så vi ikkje gløymer. Det er jo ikkje så at Covid 19 er den første utfordringa verda har møtt i historia. Og det er neppe den siste heller. Klimakrise, urettferdig fordeling, krigar og mykje anna heng framleis over oss. Og vi kan sjå tilbake på historia, at det har vore krigar, verre enn nokon andre krigar. 1914-1918. 1939-1945. Og pandemiar. Svartedauden, pestar og spanskesjuka. Dette tenkjer eg og på når eg tenkjer på den pågåande pandemien. Korleis heldt folk ut? Korleis held folk ut? For alt i alt er vi jo ganske heldige her i Noreg. Eg trur at vi kan læra litt av dei gamle israelittane, og henta fram klaga. Israelsfolket levde med Guds løfter, men dei, som vi, opplevde tydeleg at Gud kunne vera fråverande i livet deira. Og ut frå det har vi fått ei rik arv i form av klagesalmane. Dei legg ikkje noko imellom når dei klagar sin naud:

*Kor lenge, Herre? Vil du gløyme meg for alltid? Kor lenge vil du gøyma andletet for meg? (Sal 13,2)*

*Min Gud, min Gud, kvifor har di forlate meg? Kvifor er du så langt borte når eg treng hjelp og skrik ut min naud? (Sal 22,2)*

*Eg ropar til deg, Herre, kvar morgon kjem mi bøn framfor deg. Kvifor støyter du meg bort, Herre? Kvifor løyner du andletet for meg? (Sa 88, 14-15)*

Israelittane var ikkje seine til å klagar sin naud til Gud. Kvifor skulle ikkje vi og senda våre klagar til han?

Og så tenkjer eg på armstice day, på alle ulukker og katastrofar menneske gjennom alle tider har møtt, både som fellesskap, og kvar for seg. Og eg tenkjer på at vi og kjem oss gjennom tider der klagen er nærare enn lovsongen. We will remember, lest we forget. Og tenkjer på jula, som vi igjen snart skal feira. På at der finn vi Guds svar på våre klagar. At Guds Son, Jesus, blei født inn i våre kår. For gje oss håp og fred. For det skal vi heller ikkje gløyme i utfordringane vi møter no, slik det ikkje var gløymt under verdskrigane. At trass alt, så skin Guds lys framleis i verda.

**Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det (Joh 1,5)**

**Roar Hallesby Evjedal**  
SOKNEPREST

# Gje ei gåve til Os Kyrkjeblad

Visste du at bladet du held i hendene din går ut til nærare 8000 husstandar? Os Kyrkjeblad går ut til alle som bur i Os og nokre få utanbygds.

Os kyrkjeblad er meir enn berre ein informasjonskanal for kva som skjer i kyrkjelyden. Vi ønsker å vere ein kanal mellom kyrkja og bygda vår. Os kyrkjeblad ønskjer å opne kyrkjedørene for lokalsamfunnet - begge vegar.

Tilbakemeldingane tyder på at Os kyrkjeblad vert lest av folk flest. Ofte er det nemleg eit andlet eller namn i bladet som er kjent. Som organ for kyrkja femner bladet alt frå dåpsbarn, konfirmantar, brudepar, ulike kor og anna aktivitet og arrangement i kyrkja.

Vi ønskjer å takke kvar einiskild som har støtta bladet dette året, og oppmodar alle heimar om å støtte kyrkjebladet for Os framover.

Å gje ut Os kyrkjeblad kostar pengar, dessverre er utgiftsposten per i dag høgare enn inntekta på bladet. Derfor er vi frimodige og bed deg, som er fast lesar av bladet, om å gje di støtte til bladet.

Bladet er gratis og vi ønskjer at det skal vera valfritt å betala kontingent. Men for at bladet skal overleva, trengs di støtte.

**Linda Ekerhovd**

DAGLEG LEIAR

## Slik kan du betale for bladet:

- **Via nettbank**  
Kidnummer: 001782011792001  
Kontonummer: 3201.53.26254
- **Med Vipps**  
Vippsnummer 20250: Os Kyrkjelyd  
Velg: Kyrkjeblad  
> Bladpengar 200 kr.





## Trekningsliste boklotteriet 21/11- 2020 for Julemessa

| Gevinst                              | Vinner                   | Bok/Lodd nr. |
|--------------------------------------|--------------------------|--------------|
| Håndlaga kort                        | Eli Lyssand Akselsen     | 188/42       |
| Strikka barnegenser                  | Amalie Sælen             | 34/10        |
| Strikka skjørt til barn              | Asbjørn Kjetland         | 107/1        |
| Dagskort Høyt&Lavt 2 pers            | Inger Elise Kjetland     | 188/5        |
| Hustavle, måla av A Hesvik           | Marianne Padøy           | 177/17       |
| Fiskestang                           | Agnar Lunde              | 8/10         |
| Lego-byggesett                       | Silje Bjerkvig           | 112/17       |
| 2 billetter til Fonos konsert        | Sunniva Døsen            | 153/19       |
| Bilete, "Gondol"                     | Kennet Graue             | 123/24       |
| 2 billetter til Fonos konsert        | Sisse og Øyvind Abusland | 88/14        |
| DAB+ radio                           | Kristine Fjeld           | 51/20        |
| Bilete, "Bride"                      | Björg Strønen            | 189/9        |
| Gåvekort Havnechefen                 | Hanne M.V. Lund          | 139/5        |
| Bilet, måla av Bente Brødvig Strømme | Mia og Eirik Norheim     | 3/11         |
| Brodert juleduk                      | Åse og Eivind Søviknes   | 21/22        |
| Korg med justjerner                  | Dalia Røykvik            | 55/48        |
| Nintendo Switch spillkonsoll 2019    | Marianne Padøy           | 177/8        |
| Bilete, "Christ"                     | Tonje Hernes             | 128/26       |
| Dokke med klede, telt og sovepose    | Benedicte Hordnes        | 113/14       |
| Stillas - Huspakke 1                 | Hennie Kobbeltvedt       | 195/45       |

## Senior-Koinonia

### I Os kyrkjelyd våren 2021

- Torsdag 14. januar
- Torsdag 28. januar
- Torsdag 11. februar
- Torsdag 25. februar
- Torsdag 11. mars
- Torsdag 25. mars
- Torsdag 8. april
- Torsdag 22. april
- Torsdag 6. mai

## Torsdag i tunet - TiTT

Ein torsdag i månaden frå kl 20-22:  
Torsdag 21. januar, torsdag 18. februar,  
torsdag 18. mars og torsdag 29. april.

## Eldretreff

Eldretreff er i utgangspunktet 1. tysdag i månaden og vi samlast på Tunet kyrkje- og kultursenter.

Oppstart på nyåret vil bli annonsert i Os og Fusa-posten og på heimesiden til Os kyrkje.

## TUNET

### Kyrkje- og kultursenter

Vi har lokaler til minnesamvær, dåps- og konfirmasjonsselskap, kurs etc. Lokaler med kapasitet opp til 120 personar. Vi tilbyr kjøken – og betjening i forbindelse med minnesamvær.

Kontakt kyrjekontoret for avtale om leige og leigevilkår:

**Telefon 56 57 24 00**

eller [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no).

## KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

**PM Sælen & Co AS**

Tlf. 56 30 44 90

**JERNIA**  
www.jernia.no

Støtt våre annonsører

**NMS GJENBRUK OS****MILJØ, MØTEPLASS & MISJON**

Opningstider: Måndag til fredag kl 11-17, laurdag kl 11-15.

**Her finn du det meste - til ein rimeleg pris!**Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis  
Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

MILJØ MØTEPLASS MISJON

Følg oss på Facebook  
"NMS Gjenbruk Os"**DRANGE BRUK AS**

Høvel- og skurdlast

Panel - lister - golv

Trykkimpregnerte materialar

**ALT TIL GUNSTIGE PRISAR**TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51  
5215 LYSEKLOSTER**OS HAGESERVICE**

alt innen hage

Vi lager hageplan,  
murer, legger stein,  
lager plen og planter  
busker og trær.56 57 66 77 99 00 80 80  
www.oshageservice.no**TRAVELNET****OS REISEBYRÅ AS** Boks 274, 5203 Os

Tlf. 56304300

e-post: os@travelnet.no | [www.verden.no](http://www.verden.no)**Elektro-Design AS**

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?  
Ta kontakt med Geir Skarding:**Mob. 91129784**

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

DRENERING • MURING • SPRENGING



Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307

Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

**GRAVMINNER**Stor salgsutstilling av  
nye monumenter  
Tilføyelser / Oppussing

EIKNER

**STEINRIKET**

EIKNER NATURSTEIN

ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN  
TLF. 55 98 70 00**Os Gravferdsbyrå as****Døgntelefon**  
**56 57 49 50**Jorunn Moberg  
Agnethe ØvreideVi utfører alt det praktiske, eller legg til rette  
for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølve.  
Ope etter avtale. Brugata 50, Os.[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)



Daniel Røksund  
938 26 432



Alexander Olsen  
473 80 260

# Vi kjenner Os

---

Tenker du på å selge? Med vår unike lokalkunnskap og lange erfaring kan vi love deg et effektivt, trygt og forutsigbart boligsalg. Velkommen innom kontoret vårt i Os sentrum for en hyggelig boligprat.



Kom innom vårt kontor i Os sentrum



Ring oss  
915 05560



Kontakt oss på  
[emvest.no](mailto:emvest.no)

Kom innom  
kontoret vårt  
i Os sentrum.



EiendomsmeglerVest





## DØYPTE

### 30. august

Mali Eikeland Øvrebø  
Angelica Bergesen Grov  
Leon Lindkvist  
Linnea Borgen Lundquist  
Emilie Sælen

### 20. september

Sara Høyvik  
Ada Sofie Iversen  
Ylva Rogstad Kronstad  
Jenny Kyte Nicolaisen  
Johannes Rognsvåg  
Liam Øvreeide Sivertsen

### 27. september

Isabell Førund Haugan  
Ada Celine Hanstvedt Kleppe  
Amelia Røttingen Stegen

### 4. oktober

Håkon Helgheim  
Olivia Lyssand Nesse  
Thea Reistad

### 11. oktober

Vetle Songstad Grindheim

### 18. oktober

Sanna Håland Heggø  
Henrik Røen Nordstrønen  
Filip Hjelvik Stangeland

### 25. oktober

Live Askvik  
Cornelis Litlabø-Kristiansen  
Karstein Johannes Tveit Husebø

### 1. november

Amalie Jåtten Dahl  
Ellie Røttingen Lyngbø  
Oliver Matheo Sandven Sorås

### 8. november

Mia Gangstø Lund  
Henrik Stang

### 15. november

Laura Østervold Riis  
Emil Djonne Gjerde  
Felix Henriksen

## DØDE

### Sara Oline Riley

f. 26.12.1946 - d. 27.08.2020

### Per Stor-Re

f. 22.06.1942 - d. 27.08.2020

### Otto Norvald Nymark

f. 04.01.1935 - d. 11.09.2020

### Kjellfrid Angelskår

f. 21.11.1924 - d. 16.09.2020

### Magnus Sørestrømmen

f. 08.04.1923 - d. 17.09.2020

### Finn Magne Boge

f. 26.04.1949 - d. 22.09.2020

### Olav Halhjem

f. 27.02.1931 - d. 25.09.2020

### Rune Bruarøy

f. 20.08.1951 - d. 27.09.2020

### Paul Herman Drange

f. 16.08.1930 - d. 27.09.2020

### Nils Bernhard Bruarøy

f. 04.09.1948 - d. 12.10.2020

### Roald Henrik Skippervik

f. 19.01.1947 - d. 15.10.2020

### Erik Steen-Johnsen

f. 09.12.1940 - d. 15.10.2020

### Astrid Solholm

f. 23.09.1926 - d. 16.10.2020

### Bjørn Smedsvik

f. 05.09.1935 - d. 21.10.2020

### Jenny Jensine Storum

f. 27.12.1928 - d. 01.11.2020

### Thorbjørn Thuen

f. 22.10.1932 - d. 04.11.2020

### Sverre August Hovden

f. 11.08.1935 - d. 11.11.2020

### Norunn Ingebjørg Johnsen

f. 25.01.1944 - d. 11.11.2020

### Anne Marit Winsents

f. 10.01.1946 - d. 11.11.2020

### Sigrun Øvreeide

f. 05.03.1938 - d. 13.11.2020

## VIGDE

### 5. september i Os kyrkje

Stine Værøy Larsen & Erlend Monsen Riple

### 19. september i Os kyrkje

Silje Haugland & Ronny Sydnes

### 24. september på Solstrand hotell

Ragnhild Tangen & Rune Magne Nilsen

### 10. oktober i Os kyrkje

Amanda Mari Selvik & Ove Andre Hamre Tysse

### 17. oktober på Lysøen

Ann Helen Duesund & Idar Bjelle

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](https://kirkens-sos.no)



**SOS**  
22 40 00 40



**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

**KIRKENS**  
**SOS**



# Planlagte gudstenester i Os kyrkjelyd

Sjå [www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os) for oppdaterte opplysningar.

| Os kyrkje   | Nore Neset kyrkje                                      |
|---|--|
| <b>29.11.20</b> kl. 11.15: Nattverd.                    | <b>29.11.20</b> kl. 11.00: Nattverd.                   |
| <b>06.12.20</b> kl. 11.15: Nattverd.<br>Barnesamling.   | <b>13.12.20</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.              |
| <b>13.12.20</b> kl. 18.00 og 20.00: Lysmesse.           | <b>24.12.20</b> kl. 13.00, 14.30 og<br>16.00: Julaftan |
| <b>24.12.20</b> kl. 14.00, 15.15 og<br>16.30: Julaftan. | <b>26.12.20</b> kl. 11.00: Dåp                         |
| <b>25.12.20</b> kl. 11.00: Nattverd.                    | <b>10.01.21</b> kl. 19.00 Forbønsgudsteneste           |
| <b>01.01.21</b> kl. 11.00: Nattverd.                    | <b>24.01.21</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.              |
| <b>10.01.21</b> kl. 11.00: Nattverd. Jazzmesse          | <b>07.02.21</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.              |
| <b>17.01.21</b> kl. 11.15: Nattverd                     | <b>21.02.21</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.              |
| <b>24.01.21</b> kl. 11.15: Nattverd.                    |  |
| <b>31.01.21</b> kl. 11.15: Nattverd.                    |  |
| <b>07.02.21</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.               |  |
| <b>14.02.21</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.               |  |
| <b>21.02.21</b> kl. 11.00: Nattverd.                    |  |
| <b>28.02.21</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.               |  |

Med atterhald ut frå smittevernstillhøve.  
**For oppdaterte opplysningar sjå  
[kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os)**

## OS Kyrkjelyd

### TILSETTE:

#### SOKNEPREST:

Roar Hallesby Evjedal, re674@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

#### PROSTIPREST

Svante Havåg. sh226@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 07, mob: 922 47 639

#### KAPELLAN VIKAR

Anette-Emilie Gangstø, at826@kirken.no  
tlf. 56 57 24 05, mob: 45 28 02 78

#### VIKARPREST

Svante Havåg. sh226@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 07, mob: 922 47 639

#### KYRKJEVERJE:

Kristine Fjeld, i permisjon til 1. jan 2020,  
kf253@kyrkja.no, tlf. 56 57 24 03,  
mob: 414 26 859

#### FUNGERANDE KYRKJEVERJE:

Harald Geir Sæther, hs995@kyrkja.no  
tlf. 56 58 01 80

#### DAGLEG LEIAR:

Linda Ekerhovd, le663@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 20.

#### KONSULENTAR:

Elin Oldervoll Moberg,  
tlf. 56 57 24 02, em244@kyrkja.no  
Monica Refsdahl  
tlf. 56 57 24 13, mr346@kyrkja.no

#### UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren (permisjon til 8.des),  
lh798@kyrkja.no, tlf 56 57 24 17/mob. 476  
56 541

Malin Nøss Vangsnes (vikar til 31.des),  
mn684@kyrkja.no, mob: 971 95 193

#### KATEKET:

Gro Helen B. Skjælaaen, gs234@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

#### DIAKON:

Ingrid Vik, iv588@kyrkja.no,  
tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

#### KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, ah292@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 11  
Anton Proskurnin, ap244@kyrkja.no  
mob.: 482 32 977

#### FRIVILLIGKООORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ih985@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

#### BARNE- OG FAMILIEARBEID:

Sylvi Lundgren, sl828@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 14, mob: 97615652

#### KYRKJELYDSARBEIDAR:

Hege Varhaug-Lekven, hv299@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 09

#### DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG GRAVPLASSAR:

Driftsleiar Kenneth Molland (mob: 917 49  
190), Marianne Tveit, Øyvind Dreyer, Agnar  
Midtsæter, Linn Kjerstin Østgulen og Terje Rød.

## Oversikt over kva vi har fått inn i offer sidan 9. august 2020

| Dato       | Takkoffer til                    | Beløp    |
|------------|----------------------------------|----------|
| 16.08.2020 | Garden of Eden                   | 2 668,-  |
| 23.08.2020 | Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden    | 14 160,- |
| 30.08.2020 | Os KRIK                          | 937,-    |
| 05.09.2020 | Konfirmantarbeidet i kyrkjelyden | 369,-    |
| 06.09.2020 | Konfirmantarbeidet i kyrkjelyden | 3 432,-  |
| 12.09.2020 | Konfirmantarbeidet i kyrkjelyden | 2 497,-  |
| 13.09.2020 | Konfirmantarbeidet i kyrkjelyden | 646,-    |
| 20.09.2020 | Tunet                            | 10 449,- |
| 27.09.2020 | Søndagsskolen, Bergen krets      | 1 040,-  |
| 04.10.2020 | Diakoniarbeidet i kyrkjelyden    | 5 022,-  |

Avs:

Os kyrkjelyd

Postboks 209


5202 Os



# BARNAS SIDE

## Finn stjernevegen!

Finn du vegen gjennom stjernelabyrinten?



## Finn 5 feil

Englar fortalde gjetarane at Frelsaren var fødd. Gjetarane løp inn til Betlehem for å sjå han. Teikning: Claudia Chiaravalotti



## Fargelegg

Jesus, Guds eigen son, vart fødd i ein stall i Betlehem.



Teikning:  
Claudia Chiaravalotti

## Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene  
er henta  
frå bladet.

Bestill  
abonnement

på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00



## VITSAR

Ole var ikkje verdas smartaste pilot. Han flaug inn mot Gardermoen og fekk melding frå kontrolltårnet:  
– Meld inn høgde og posisjon!  
– Eg er 178 centimeter høg og sit heilt fremst i flyet, svara han.

I Molboland er det veldig strenge trafikklover når det gjeld sikkerheitsbeltet:  
Første gong du blir tatt utan å ha på deg beltet, får du 1000 kroner i bot  
Andre gong får du 2000 kroner i bot.  
Tredje gong blir sikkerheitsbeltet inndrege.